



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 23.01.2013

Vår ref.: 2012/11207

Arkivnr.:

Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland 2013

Fylkesmannen i Rogaland har samarbeidd med Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Statens kartverk om å samordne informasjon om planlagde tilsyn med kommunane/fylkeskommunen i Rogaland for 2013.

Som tidlegare har vi laga ei oversikt over den til no planlagde tilsynsaktiviteten fordelt på kommunar og tilsynsorgan (sjå vedlegg). Denne oversikta vil og liggje på Fylkesmannen si heimeside. Dei aller fleste av dei planlagde tilsyna til Mattilsynet, Statens kartverk og Fylkesmannen i Rogaland er lagde inn i denne oversikta. Arbeidstilsynet sine tilsyn er ikkje klare når det gjeld kva kommunar som vil få tilsyn i 2013. Sjølv om ikkje alle tilsyna ligg inne i oversikta, vil vi så langt som råd er leggje vekt på at belastninga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den ein skilde kommune. Vi gjer og merksam på at umeldte eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Arbeidstilsynet vil i 2013 ha tre større nasjonale prosjekt som går på helse- og sosialsektoren, reinhald og ny i arbeidslivet. Prosjektet innafor helse- og sosialsektoren er retta mot kommunane og sjukehusa. I 2013 vil det vere helsesektoren i kommunane som får besøk av Arbeidstilsynet. Når det gjeld reinhald skal Arbeidstilsynet både ha tilsyn med dei som leverer reinhaldstenester og dei som kjøper slik tenester, som kommunane. I tillegg fortsetter tilsynet innsatsen retta mot inn klima i offentlege bygg, mellom anna skolar. Elles vil Arbeidstilsynet halde fram med tilsynsprosjekt knytt til sosial dumping, innleie og utleie av tenester, støy og organisatorisk arbeidsmiljø og ergonomi.

Mattilsynet vil i sine kommuneretta tilsyn ha tilsyn med leidningsnett, høgdebasseng og drikkevattn også i 2013. I tillegg vil dei ha tilsyn med biogassanlegg og komposteringsanlegg.

Statens kartverk skal berre ha eitt tilsyn i 2013. Det er Hå kommune som får tilsyn etter Matrikkellova.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er innarbeidd i oversikta. Her er det informasjon om kva tema som blir tatt opp. I denne oversikta har vi denne gang tatt med Fylkesmannen sin forvaltningskontroll når det gjeld landbruk. I tillegg kan det i løpet av året komme spørsmål om deltaking i ei landsomfattande undersøking av kommunane si styring på landbruksområdet.

Utanom dei planlagde tilsyna i enkeltkommunar vil Fylkesmannen tilby læringstilsyn mellom nabokommunar. Vi vil gjennomføre eigenrapporteringstilsyn etter spreingsmodellen innan ulike tema i sosial-, helse-, omsorgs- og barnevernstenestene.

Saman med oversikta over planlagde tilsyn, skal de etter kvart finne tilsynskalender og rapportar på nettstaden til Fylkesmannen. Våre nettsider er nett endra. Derfor vil det ta tid før all informasjon om tilsynsaktiviteten er på plass. Vi gjer merksam på at det og blir lagt ut informasjon om samordning av statlege tilsyn, med lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Tora Aasland

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

— Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no

1 vedlegg

Kopi til:

Nasjonalt sikkerhetsmyndighet	Postboks 14	1306	BÆRUM POSTTERMINAL
Deloitte AS	Sundg. 119	5527	HAUGESUND
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Arbeidstilsynet v/Gro Ellingsen	Postboks 4720 Sluppen	7468	Trondheim
Mattilsynet, Regionkontoret for Rogaland og Agder v/Gunnar Mar Gunnarsson	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Statens kartverk Stavanger v/Torstein Pedersen	Postboks 60	4001	STAVANGER
Rogaland kontrollutvalgssekretariat	Postboks 583	4305	SANDNES
Statsarkivet i Rogaland	Bergelandsg. 30	4012	STAVANGER
Rogaland revisjon	Lagårdsveien 78	4010	STAVANGER
Direktoratet for naturforvaltning	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Datatilsynet	Postboks 8177 Dep	0034	OSLO
BDO AS	Luramyroveien 40	4013	STAVANGER
Klima- og forurensningsdirektoratet	Postboks 8100 Dep.	0032	Oslo
KS Rogaland v/ Therese Sivertsen	Postboks 539	4003	STAVANGER
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
KPMG AS	Karmsundsg. 72	5529	HAUGESUND
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103	Tønsberg
Deloitte AS	Postboks 287 Forus	4066	STAVANGER
Haugaland kontrollutvalgssekretariat	Postboks 57	5575	AKSDAL
Statens kartverk, Matrikkelavdelingen v/Anders Fekjær	Landdivisjonen	3507	HØNEFOSS